

Jan Gunnar Mattingsdal  
Stig Hobberstad  
Ellen Marie Stokka  
Elin Bjørheim  
Mari Kristiansdottir  
Tron-Arild Grødem

Nærbø 6. desember 2022

**Forfall:** Monica Nord-Varhaug  
Signy Refsnes  
Trine Tengesdal

**22/22 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknadar.

**23/22 Godkjenning av referatet frå møtet 25.10. 2022.**

Referatet er godkjent med følgjande kommentarar:

1. Sak 10/22. «Hjelm»

På FAU møtet 03.05.22 bestemte FAU at ein skulle prøva med ei prøveordning der elevane kunne bruka skaterampen utan å bruka hjelm. (Prøveordninga skulle gjelda til neste FAU møte.)

Frå 03.05.22 – 06.12.22 har det ikkje blitt meldt om nokon skadar. FAU bestemte derfor at ein framleis kan nytta skaterampen utan bruk av hjelm.

2. Sak 11/22. «Merknadar».

Dette stod i FAU referatet frå møtet 25.10.22:

«Det blei lufta at det ofte er ein snakkis heime om kven som gir mest merknadar på dei ulike trinna. Det er svært uheldig og FAU ber skulen om at dette bør det snakka om fleire gongar i halvåret. Kva er målet og hensikta med ein merknad? Ein melding heim på Visma kan vera vel så bra som ein merknad. Fleire offentlege skular har gått heilt bort frå det å bruka merknad, blant anna fleire skular i Hå.»

Skulen har dette stadig oppe som tema på trinnmøta. Det er ikkje lett å få til at alle som arbeider på skulen til ei kvar tid klarer å vera heilt samkøyrde når det gjeld det å gi anmerkingar. Personalet er ulike, så sjølv om målet er at alle

skal opptre likt overfor elevane – syner det seg at det er krevjande å få til. Målet er der, men praksis syner noko anna.

Når det gjeld utsegna om at fleire skular i Hå har gått vekk frå anmerkingar vil me syna til Kommunal forskrift om ordensreglementet i grunnskulane i Hå der det står: «skulen skal registrera elevane sine brot på ordensreglementet for å dokumentera karakterane i orden og åtferd.»

Det er godt mogleg at skular kallar anmerkingar for anna enn anmerkingar, men ei notering eller eit notat tenkjer me er det same.

Ellers vart referatet godkjent utan merknader.

**24/22**

### **Generell informasjon**

- Godkjenning for 18 elevar til. Dette betyr at me kan køyra med 96 elevar på kvart trinn og 24 i kvar klasse. Totalt 288 elevar på skulen. Veldig glade for det. Betyr mykje økonomisk.

- Inntak for 8.trinn 2022-2023.

19. på venteliste etter at ein har teke opp 98.

- Elevfest med 208 påmelde elevar. Fin kveld. God stemning. Det er viktig med slike møtepunkt som elevfesten er. Me ynskjer å skapa felles opplevingar for elevane. Skapa samhald på skulen.

- 19.desember. Samling for friskulane i sør Rogaland. (Gjeld 9. og 10.trinn.)

Fleire vidaregåande skular kjem, både private og offentlege.

- Julegudsteneste siste dagen før jul i Nærbø kyrkje. Byrjar 09.00. Foreldre/ føresette er hjarteleg velkomne.
  - Frå Styremøte 15.11.22
    - Budsjettet med eit underskot på 4 million. Ligg ann til eit underskot på 2,3 million.
    - Handlingsplan for seksuelle krenkelser ved Tryggheim skular.
    -

**25/22 Kvalitetsmeldinga 2021-2022.**

Det vart orientert om Kvalitetsmeldinga.

Bør ein for komande år og syna korleis skulen ynskjer å nå dei måla som er sette opp i kvalitetsmeldinga? (Tenkjer i samband med dei nasjonale prøva.)

Neste FAU møte blir 21.februar 2023.

Referent: Tron- Arild Grødem

Kopi:

Sigurd Høyland, vara 9.trinn

Monica Nord-Varhaug

Signy Refsnes

Trine Tengesdal